



Nemndsvedtak i sak 2007/05

Klagar: Regnskogfondet
Grensen 9 B
0159 OSLO

Innklaga: Albert Bøe AS
Postboks 1223 Torstrand
3254 LARVIK

Kva saka gjeld:

Regnskogfondet har klaga Albert Bøe AS inn for Klagenemnda for miljøinformasjon fordi Albert Bøe AS ikkje har svart på spørsmål som Regnskogfondet har stilt bedrifta. Spørsmåla gjeld tropisk trevirke i hagemøbel.

Bakgrunnen for saka:

Regnskogfondet arbeider for vern av regnskogen. Som eit ledd i dette arbeidet, kartlegg Regnskogfondet bruken av tropisk trevirke i ulike produkt. Mellom anna sender Regnskogfondet brev til ulike bedrifter og ber om svar på ulike spørsmål, for å skaffe seg oversikt over bruken av tropisk tømmer i bransjen.

Regnskogfondet har i fleire år hatt god dialog med store delar av bransjen som sel tropisk trevirke. Dette gjer det muleg å halde oversikt over kva som blir importert til Noreg og kvar det importerast frå.

Den 26. januar 2007 tok Regnskogfondet kontakt med ei rekkje norske forhandlarar av hagemøbel for å få informasjon om årets utval av hagemøbel i tropisk tre. Mellom anna blei Albert Bøe AS tilskriva. Albert Bøe AS har ikkje svart på brevet frå Regnskogfondet og har heller ikkje sendt inn tilsvar i saka.

Nemnda har tidlegare hatt andre, liknande saker til behandling. Nemnda viser her til sakene 2004/17 (Bo Andrén Norge), 2004/18 (Erling Hustvedt AS, Tre og Finer AS, Rolf Vaagsæter AS, Oslo Finerfabrikk AS, Interwood AS, Isene Jordan, LA Lund AS, Fritzøe Engros AS, HF Blom AS, Skandinavisk Treimport AS, Wilhelm Ramm AS), 2005/10 (Windy Boats AS) og 2007/03 (Norsk Båtsenter AS). Regnskogfondet har vore klagar i alle sakene.

Saksgangen:

I brevet som Regnskogfondet sendte den 26. januar 2007, blei desse spørsmåla stilt til Albert Bøe AS:

"Hagemøbler:

1. *Hvilke tropiske tresorter (teak, meranti, akasia, kamarere osv) inngår i hagemøbelutvalget i 2007?*
2. *Spesifiser trevirkets opprinnelse (land, evt. hogstkonsesjon etc.)*
3. *Fra hvilke leverandører kjøper dere hagemøbler?*

4. *Har dere dokumentasjon/sertifikater vedr. trevirkets opprinnelse/hogstpraksis (f.eks. FSC-sertifikat)? Vi ønsker gjerne en kopi av evt. sertifikater.*
5. *Hvilke kvanta har dere kjøpt inn av produkter i tropisk trevirke for 2007? (volum/antall/innkjøpspris o.l.)*
6. *Har dere produkter i tropisk trevirke på lager fra tidligere år som vil bli solgt i år?*
7. *Hvilken policy/retningslinjer har bedriften formulert ang. innkjøp og markedsføring av produkter i tropisk trevirke?*

Evt. andre produkter i tropisk trevirke

8. *Hvilke evt. andre varer fører dere med tropisk trevirke? (Spesifiser opplysninger, tilsv. spørsmål 2-7 ovenfor om opprinnelse, leverandør, sertifikater osv.)*

Albert Bøe AS svarte ikkje på brevet og Regnskogfondet sendte purring den 2. april 2007. Regnskogfondet opplyser at Albert Bøe AS framleis ikkje har svart på brevet.

Regnskogfondet klaga Albert Bøe AS inn for nemnda ved klagebrev datert 11. mai 2007.

Albert Bøe AS blei underretta om klagen i brev frå sekretariatet datert 22. mai 2007. I brevet blei det sett ein tilsvarsfrist på tre veker.

Albert Bøe AS har ikkje teke til motmæle.

Klagaren, Regnskogfondet, gjer gjeldande:

Kommersiell tømmerhogst er blant dei viktigaste årsakene til at regnskogen og anna tropisk skog blir øydelagt. Kvart år blir over 150 000 km² tropisk skog rasert. Bruken av tropisk trevirke i Norge bidreg til denne alvorlige miljøødelegginga.

Klagaren skriv dette i klagebrevet til klagememnda:

"Albert Bøe reklamerer for møbler laget av den tropiske tresorten merbau (også kalt kwila) på selskapets hjemmesider (www.albertboe.no). Merbau er en tresort som vokser i regnskogen i Malaysia og Indonesia. Arten er klassifisert som truet (VU) på den internasjonale rødlista over truede arter, noe som skyldes omfattende hogst. Problemet med ulovlig hogst er betydelig.

Regnskogen i Indonesia er under et voldsomt press. Avskogingen skjer raskere i Asia enn noe annet sted. Indonesia rommet opprinnelig 1,5 millioner kvadratkilometer regnskog. Over en tredjedel er rasert de siste femti årene. Avskogingen er et av de mest alvorlige miljøproblemen i regionen. I perioden fra 1981 til 2000 har det hvert år gått tapt minst 39 000 kvadratkilometer skog – rundt 1,3 prosent av skogsområdet i regionen. Avskogingen går raskest på øyene i Sørøst-Asia, inkludert Indonesia."

Klagaren skriv vidare:

"Albert Bøe hevder i en artikkel i Østlands-posten 27. april d.å. at merbau "dyrkes på plantaser" og at den australske leverandøren av merbau-møbler "sørger for å plante fem nye trær når ett hugges, og på den måten rammes ikke regnskogen". Det er blant annet for å sjekke sannhetsinnholdet og om slike påstander kan dokumenteres at

Regnskogfondet ber norske hagemøbelforhandlere om informasjon om deres vareutvalg. Albert Bø har så langt ikke vært villig til å gi oss dette.

Regnskogfondet antar at Albert Bøe i henhold til Miljøinformasjonsloven er pliktig å svare på våre spørsmål og oversende all relevant informasjon firmaet har om det tropiske trevirket de selger...

Vurderinga frå nemnda:

1 Lovval

Ettersom spørsmåla ikkje gjeld produktspesifikk informasjon, er det reglane i miljøinformasjonslova som gjeld.

2 Miljøinformasjon og retten til å få slik informasjon

Omgrepet "miljøinformasjon" omfattar faktiske opplysningar og vurderingar om miljøet, om faktorar som påverkar eller kan påverke miljøet, og om helse, tryggleik og levekår i den grad dei blir miljøpåverka eller kan bli miljøpåverka, jfr miljøinformasjonslova § 2. Etter lova § 16 har ein rett til å få miljøinformasjon om "forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet."

Av forarbeida til lova, jfr Ot. prp. nr. 116 (2001-2002) s. 169, går det fram at informasjon om uttak av trevirke frå regnskog, i utgangspunktet er informasjon ein kan krevje å få i medhald av miljøinformasjonslova. Nemnda har i dei tidlegare sakene som er nemnt innleiingsvis, uttalt at hogst av tropisk trevirke påverkar miljøet og at etterspurnaden på marknaden etter slikt trevirke er del av denne miljøpåverknaden som ein kan krevje informasjon om.

Sakene 2005/10 (Windy Boats AS) og 2007/03 (Norsk Båtsenter AS) viser begge til avgjerda i saka 2004/18 mot De Norske Trelastimportørers Forening der nemnda uttalte dette (utdrag);

"Det er ikke noe uttrykkelig krav om at miljøpåvirkningen må finne sted innenfor Norges grenser. Dette er uttrykkelig nedfelt i loven § 16 annet ledd hvor det fremgår at rett til miljøinformasjon etter første ledd også gjelder påvirkning på miljøet som følge av produksjon og distribusjon av produktet utenfor Norges grenser. Nemnda viser til at hogst av tropisk trevirke og regnskog er en av vår tids store miljøutfordringer. Hogst av tropisk trevirke kan medføre blant annet tap av artsmangfold, erosjon og andre ødeleggelser om det ikke skjer på en forsvarlig måte. Det foreligger derfor en klar presumpsjon om at kravet angår forhold ved virksomheten som kan medføre en ikke ubetydelig miljøpåvirkning. Det er også forutsatt i forarbeidene til miljøinformasjonsloven, jf. Ot. prp. nr. 116 (2001-2002) s. 169 at uttak av trevirke fra regnskog er informasjon som kan kreves i medhold av miljøinformasjonsloven. Etter nemndas vurdering er det ikke tilstrekkelig å vise til at den norske importen er så liten at den ikke vil ha den nødvendige miljøpåvirkning. Alle de innklagede importerer tropisk trevirke og er således aktive deltakere i distribusjonen av trevirke som kan ha blitt hugget i områder der dette gir en ikke ubetydelig miljøpåvirkning. Dersom de innklagede mener at den aktuelle importen stammer fra hugst som gir en ubetydelig miljøpåvirkning, for eksempel fordi trevirket er dyrket på plantaser, skulle dette vært godtgjort. Det er imidlertid verken anført eller forsøkt godtgjort i dette tilfellet."

Om den informasjonen klagaren ber om er miljøinformasjon, jfr lova § 2, må likevel vurderast konkret for kvart spørsmål.

Klagen mot Albert Bøe AS gjeld til saman åtte spørsmål. Nokre av spørsmåla er allereie vurdert av nemnda i tidlegare saker.

3 Dei einskilde spørsmåla

"1. Hvilke tropiske tresorter (teak, meranti, akasia, kamarere osv) inngår i hagemøbelutvalget i 2007?"

I sakene 2005/10 (Windy Boats AS) og 2007/03 (Norsk Båtsenter AS) vurderte nemnda om eit spørsmål om kva tropiske tresortar som blir brukt i båtane som blei importerte er miljøinformasjon. Nemnda kom til at dette var å sjå som spørsmål om miljøinformasjon.

Nemnda meiner at spørsmål 1 ligg nært opp til dette spørsmålet og at vurderinga blir samanfallande.

Spørsmålet gjeld miljøinformasjon.

"2. Spesifiser trevirkets opprinnelse (land, evt. hogstkonsesjon etc.)"

Nemnda har i saka 2005/10 (Windy Boats AS) slått fast at spørsmålet om opphavslend er miljøinformasjon. Nemnda legg den same vurderinga til grunn i denne saka.

Spørsmålet gjeld følgeleg miljøinformasjon.

"3. Fra hvilke leverandører kjøper dere hagemøbler?"

Spørsmålet gjeld forretnings- og driftsmessige tilhøve ved bedrifta. Klagenemnda meiner difor at spørsmålet ligg i yttergrensa mot kva som er miljøinformasjon.

Klagenemnda vurderte i saka 2004/18 mot Norske Treimportørers forening eit tilsvarende spørsmål og kom då til at spørsmålet om kven som er leverandør er å sjå som miljøinformasjon. I avgjerda er det skrive at:

"Nemnda vil fremheve at ovennevnte informasjon er viktig for at klager skal kunne ta stilling til og få innsikt i om det tropiske trevirket som faktisk blir importert, er hugget på en bærekraftig måte. Dette kan være informasjon om plantasjer eller liknende."

Klagenemnda meiner at informasjon om leverandørar er naudsynt for å ha ein reell mulegheit til å få oversikt over forbruket i bransjen og har kome til at spørsmålet difor gjeld miljøinformasjon.

Spørsmålet gjeld miljøinformasjon.

"4. Har dere dokumentasjon/sertifikater vedr. trevirkets opprinnelse/hogstpraksis (f.eks. FSC-sertifikat)? Vi ønsker gjerne en kopi av evt. sertifikater."

Nemnda har i sakene 2005/10 (Windy Boats AS) og 2007/03 (Norsk Båtsenter AS) kome til at dette spørsmålet er å sjå som eit spørsmål om miljøinformasjon. Nemnda legg den same vurderinga til grunn i denne saka.

Spørsmålet gjeld miljøinformasjon.

”5. Hvilke kvanta har dere kjøpt inn av produkter i tropisk trevirke for 2007? (volum/antall/innkjøpspris o.l.)”

Spørsmålet om kva volum av dei ulike tresortane innklaga har kjøpt, har innklaga kunnskapsplikt om etter § 9 i lova. Samtidig kan det i dette høvet vere for krevjande å svare på spørsmålet om volum. Spørsmålet om tal på innkjøpte hagemøbel som inneheld tropisk trevirke, bør det likevel vere praktisk greitt å avklare. Spørsmålet om tal har klare parallellar til spørsmålet om årleg forbruk av tropisk trevirke i importerte båtar som nemnda tidlegare har vurdert som miljøinformasjon, jfr saka 2007/03 (Norsk Båtsenter AS).

Nemnda viser til fleirtalsvotumet i 2007/03 (Norsk Båtsenter AS) som igjen viser til fleirtalet sitt votum i Windy-avgjerda der det er sagt at:

”Hvorvidt dette er forhold ved driften som virksomheten plikter å informere om, gir verken lovens tekst eller forarbeider noen klar løsning på. Det må imidlertid legges vekt på lovens formål, som er å sikre allmennheten tilgang til miljøinformasjon. Hvor stort volum hver båtprodusent eller importør bringer inn i landet, kan ha betydning for forbrukere ved at dette synliggjør hvor mye virksomheten bidrar i forhold til andre aktører. På denne måten kan forbrukere eksempelvis velge å kjøpe av importør av mindre volum. Slik klager argumenterer er volum også av interesse for å kunne skille store miljøsyndere fra de mindre. I tillegg vil opplysninger om hvorvidt importen øker eller minsker i omfang være av interesse for organisasjonen for kartlegging av problemet.”

Nemnda har difor kome til at innklaga har plikt til å oppgje talet på innkjøpte hagemøbel som inneheld tropisk trevirke.

Når det gjeld spørsmålet om innkjøpspris, meiner nemnda at dette ikkje er informasjon klagar har krav på etter lova.

”6. Har dere produkter i tropisk trevirke på lager fra tidligere år som vil bli solgt i år?”

Spørsmålet om kva som tidlegare har vore kjøpt inn, vil vere relevant informasjon etter lova. Spørsmålet om kva som ligg på lager, er å sjå som forretningsmessige tilhøve som klagar ikkje har krav på å få informasjon om, jfr § 17 bokstav c i lova.

Spørsmålet, slik det er stilt, gjeld ikkje miljøinformasjon.

”7. Hvilken policy/retningslinjer har bedriften formulert ang. innkjøp og markedsføring av produkter i tropisk trevirke?”

I sakene 2005/10 (Windy Boats AS) og 2007/03 (Norsk Båtsenter AS) vedtok nemnda at innklaga måtte svare på spørsmålet om det er gjennomført tiltak for å redusere bruken av tropisk trevirke.

Spørsmålet som er stilt til Albert Bøe AS gjeld såkalla policy/retningsliner når det gjeld innkjøp og marknadsføring. Klagenemnda meiner at det er relevant å få tilgang til slik informasjon. Bedriftens standpunkt i høve til problematikken rundt tropisk trevirke er ein type vurderingar som er å sjå som miljøinformasjon.

Spørsmålet gjeld miljøinformasjon.

"8. Hvilke evt. andre varer fører dere med tropisk trevirke? (Spesifiser opplysninger, tilsv. spørsmål 2-7 ovenfor om opprinnelse, leverandør, sertifikater osv.)"

Spørsmålet gjeld miljøinformasjon.

3 Er informasjonsplikta oppfylt?

Albert Bøe AS har ikkje svart på spørsmåla og har såleis ikkje oppfylt informasjonsplikta etter miljøinformasjonslova § 16.

Vedtaket:

Med heimel i Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser § 19 gjer nemnda dette vedtaket:


- Albert Bøe AS må innan 30 dagar frå vedtaket er motteke svare på spørsmåla 1-4, spørsmål 5 med dei presiseringane nemnda har gjort og spørsmål 7-8.

Vedtaket er endeleg og partane kan ikkje klage.

Vedtaket er særleg tvangsgrunnlag etter Lov av 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdsloven) kapittel 13 og kan bringast inn for domstolane.


Oslo, 21. august 2007

Jan Fougner
Leiar


Gunnar Bodahl-Johansen


Svein Martin Søgne


Sigrd Skjølås


Cecilie R-F Skarning